



DYKKAR REF:	VÅR REF:	SAKSHANDSAMAR:	ARKIVKODE:	DATO:
	2012/660 - 9	Jørn Trygve Haug	000	05.04.2013

Oppsummering frå fellesmøtet mellom villreinlag og villreinnemnd mfl, 4. april 2013, Bykle hotell.

Til stede; villreinnemnda, Setesdal Ryfylke villreinlag (Kristian Steine og Knut Nomeland, Svein Olav Stegarud mfl.), Setesdal Austhei villreinlag (Svein Ekre og Torleif Homme), Kurt Jerstad, Peter Hermansen (SNO), Reidar Sandal (SNO), Tor Punsvik (fylkesmannen i Vest-Agder), Per Kjetil Omholt (fylkesmannen i Aust-Agder), Jørn Haug (sekretær villreinnemnda).

Avskyttingsplanar og kvoter for 2013 – informasjon frå laga v/Kurt Jerstad

Stikkord Setesdal Ryfylke:

- God utvikling i kalveproduksjon - dokumentert fødselsoverskot og vekst i stammen. Nær målet om 3000 dyr.
- Målet om 20% bukk synast å vera nådd
- Ny strukturteljning i oktober 2013

Stikkord Setesdal Austhei:

- Siste strukturteljning i 2007 og difor monaleg usikkerheit knytt til samansetninga av stammen
- God auke i fellingsprosenten dei seinare åra – mest felling i sør. Likevel trong for å auke fellinga for å nå målet om 1500 dyr. I dag er det kanskje så mykje som 1000 dyr over dette.

Sjå og presentasjon som ligg ved

Samjakt

Tema samjakt vart mykje drøfta, mellom anna med bakgrunn i søknad om utvida jakttid på austheia. Vesentleg å få til meir samjakt for å auke jaktuttaket. Viktig med felles forståing om at «alt» villreinareal er like viktig – ikkje bare dei område dyra står under jakta.

Villreinlaga har inga enkel oppskrift på korleis ein skal få til auka samjakt og ønskjer ein tettare dialog/samarbeid med villreinnemnda om problemstillinga. Kva ulike modellar kan vera aktuelle å prøve ut?

Spørsmålet om kva føringar som kan leggest for samjakt i dei nye bestandsplanane vart drøfta. Vidare om villreinnemnda i yttarste konsekvens kan pålegge samjakt. Noko rom for tolking av dette i rundskrivet til viltlova. Villreinnemnda sitt utgangspunkt er likevel at det må byggje på friviljuge avtalar.

Rapport frå SNO v/Reidar Sandal

- Brukbare beiteforhold på aust og vestheia denne vinteren.
- På vestheia er dyr i det siste observert så langt sør som Gaukhei/Kilevasshei. I nord har nokre dyr vore på ein snarvisitt mot vest, men desse har kome raskt tilbake. I påske stod det svært mange dyr i området Bykle – Hovden. Utfarten frå Hovden følgjer i stor grad oppkøyrde løyper og konflikten med omsyn til villrein verkar å vera avgrensa.
- SNO engasjert med lokalisering av dyr i forkant av dei store turrenna. For Hovden Tour vart det observert dyr tett opp mot trase rett i forkant, men desse trakk vekk. Sesilåmi vart som kjend avlyst men av spor kunne ein sjå at det hadde vore dyr tett ved og over traseen rett i forkant.

Status for villreinprosjektet på vestheia v/Tor Punsvik

Sjå presentasjon som ligg ved.

Med helsing

Jørn Trygve Haug
sekretær

Vedlegg:

- 1 Bestandssituasjonen og avskytingsplanar v/Kurt Jerstad
- 2 Status for villreinprosjektet på vestheia v/Tor Punsvik